

## Styremøte i SFSG på Skei 11.06.2015

### Til stades:

Ragnhild Sæle  
Lars Nesse  
Jo Risløv  
Odd- Jarle Øvreås  
Ingunn Reme

**Sak 20/15: Kva styremedlemene har delteke på sidan sist.**

### Ragnhild:

05.02.15 - Årsmøte i Eikefjord Sau og Geit  
19.02.15 – Møte i gjetarhundnemnda  
23.02.15 – Møte i beitegruppa  
05.03.15 – Årsmøte i Sogn og Fjordane Bondelag  
17.03.15 – Representantskapsmøte NSG  
18.03.15 -19.03.15 Landsmøte NSG  
25.03.15 – «Geitemøte» på Gloppen Hotell  
26.03.15 – Møte med beitelaga på Eid  
07.04.15 – Møte med beitelaga i Førde  
19.05.15 – Fellesmøte Kontaktutval rovvilt og beitelaga – Sogndal

**Jo:**

Fylkersårsmøte i Bondelaget 5. og 6. mars  
Landsmøte NSG 18.-19. mars

**Lars:**

Representantskapsmøte NSG 17. mars  
Landsmøte NSG 18.-19. mars  
Møte med miljøvernministeren i Årdal og Luster 8. april  
Kontaktutval rovvilt og beitelaga – Sogndal 19. mai

**Odd-Jarle:**

Landsmøte NSG 18.-19. mars

**Ingunn:**

Sau i Pluss Eid 8. april

**Sak 21/15: Kjøp av utstyr, til disposisjon for fylkesfellingslaget – reglar for utlån – forsikring.**

Me kjøper ein kikkart på kr 36 944 hjå Våpenloftet AS. Jo Risløv ordnar med forsikring og lagar i samarbeid med Stein Mortensbakke reglar for utlån. Me prøver å få desse klare til 15. juli.

**Sak 22/15: Endring i utbetaling av lammeslakttilskot**

Odd-Jarle lagar eit skriv på dette til NSG sentralt med kopi til Bondelaget og Småbrukarlaget her i fylket.

**Sak 23/15: Søknad om økonomisk støtte frå Breim Sau og Geit til Matfest for Geita**

Me gjev ros til Breim Sau og Geit for eit positivt tiltak. Me støttar søknaden med 5000 kr.

**Sak 24/15: Søknad om økonomisk støtte frå Sunnfjord og Ytre Sogn gjetarhundlag til kurs i bruk av gjetarhund.**

Me finn ikkje å kunne støtte denne søknaden. Slike kurs bør vere fylkesdekkande for at fylkeslaget skal kunne vurdere å støtte det.

### **Sak 25/15: Nye lagslover – oppfølging av lokallag**

Det er krav i dei nye lagslovene for NSG, § 2 – 3. ledd, om at alle lag skal ha organisasjonsnummer.

Me sender brev til dei laga det gjeld om at dei må ordne opp i dette. I tillegg er det ein del lag som må endre namn frå Sau og geitagslag til Sau og Geit.

### **Sak 26/15: Arbeidsplan 2015 - gjennomføring/fordeling av oppgåver**

Geitehelg 21.-22. november på Skei hotell

Leiarsamling 31. oktober evt. 7 nov. Dagmøte på Skei dagpakke (rom til 40 stk) Odd-Jarle tinge hotell.

Startar kl 10 lunch 12-13 held på til 16. Kvar gjer opp for seg.

Framlegg til tema:

Bondelaget – lammetilskotet (Anders Felde) Jo spør

Jordbrukstingingane 2016

Nye lagslover – Sigurd Vikesland

Nortura – slaktesesongen så langt, nytt (Johannes Nedrebø)

Tine – geitemjølkk, utfordringar – salstal geitemjølkk

Felleskjøpet

Geitefilmen –Jo/Vidar

Aktivitet i lokallag. Viser til sak om nye lagslover.

Rovdyr. Oppfordrar alle lokallag til å få på plass underskrifter frå grunneigarar om løyve til jakt samt organisere lokale jaktlag.

### **Sak 27/15: Naustdal Sau og Geit**

Me har i ettertid hatt møte i Naustdal 30. juni. -15.

### **Sak 28/15: Dommarskurs for gjetarhund.**

Me dekkjer utgifter for Magnus Grimeland. For ettertid må gjetarhundnemnda lage reglar for deltaking på slike kurs.

### **Sak 29/15: Avlsutvalet region vest – kandidatar frå Sogn og Fjordane**

Tom Idar Kvam med Lars Nesse som vara.

**Sak 30/15: Avlsutvalet for Sau i Sogn og Fjordane. Nytt frå 1. juli - 15**

Tom Idar Kvam – leiar  
Lars Nesse - nestleiar  
Einar Helge Haugstad – kåringsansvarleg  
Kjell Olav Kusslid – bruksbuskap  
Johannes Nedrebø – Nortura  
Kjell Mardal – 1. vara  
Leif Tore Kårstad - 2. vara  
Egil Ove Helleland – 3. vara

**Sak 31/15: Geitegruppe i Sogn og Fjordane**

Jo Risløv – Leiar  
Vidar Sandal  
Ragnvald Søgnesand  
Sigurd Vikesland  
Ingolf Folven

**Sak 32/15: Ymse**

Beredskapsplan – Lars tek kontakt med Fylkesmannen

Prisløype lam – etter innspel frå lokallag tek Ragnhild kontakt med Nortura

Neste styremøte i august/september.

*Referent: Odd-Jarle Øvreås*  
*-sign. -*